

KVITESEID



SOKNERÅD

# ÅRSMELDING 2024



# ÅRSMELDING 2024 frå Kviteseid sokneråd

## 1. KORT OPPSUMMERING

I året 2024 var prega av at soknet vart utan fast sokneprest frå januar til ny vart tilsett frå august. Soknet var og utan trusopplærar frå sommaren av. Dette førte til at andre i staben, frivillige og eksterne måtte gjere ein del ekstra arbeid. Soknerådet rettar ein stor takk til alle.

Økonomisk har året gått greitt og gav eit godt mindreforbruk, mykje grunna vakanse og dermed mindre aktivitet og lønsutgifter. Endring i rekneskapsføring frå Nissedal kommune til Kviteseid kommune, frå papir til digitalt og samstundes nye kontoplanar, har ført til ein del omstilling, meste til det betre.

Hovudtal frå rekneskapen er som fylgjer. Sjå meir i pkt. 7 ØKONOMI.

Økonomi:	Drift	Investering
Budsjett 2024 (inntekter og utgifter i balanse, inkl. tenesteytingsavtale)	Kr 5.489.000	Kr 500.000
Rammeoverføring frå kommunen	Kr 3.886.200	Kr 500.000
Netto resultat (Mindreforbruk og udisponera*)	Kr 226.097	Kr 245.342*

\* Udisponera i 2024 er til dekking av kostnader i 2025 for ferdigstilling av prosjekta starta på i 2024

## 2. MÅLSETJING OG ANSVAR

I «Kirkeordning for Den norske kirke» gjeldande frå 01.01.21, står det om soknerådets oppgåver:

### § 12. MENIGHETSRÅDETS OPPGAVER:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vække og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte ges trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. ... Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

«Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt..»

«Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.»

«Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

Kviteseid er ein eitt-sokns-kommune. Det gjer at soknerådet òg løyser det som er rekna som fellesrådsoppgåver:

### § 17. KIRKELIG FELLESRÅDS OPPGAVER:

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarleg for

1. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
2. anlegg, drift og forvaltning av gravplassar
3. oppretting og nedlegging av stillingar som blir lønna over fellesrådets budsjett
4. skaffe og drift av kyrkjekontor
5. administrativ hjelp for prosten når kyrkja si verksemeld nasjonalt yter tilskot til det
6. skaffe lokal, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

- Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen, samt Vrådal gamle kyrkjegard som ikkje er i bruk lenger.
- Kviteseid sokn har for tida 5 tilsette. (Sjå meir i pkt. 5.1.) Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt. I tillegg til dei fellesråds-tilsette, har soknet ein sokneprest som er del av staben i soknet, men tilsett og løna av bispedømerådet.
- Administrative og økonomiske oppgåver i soknet: Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som følger av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

### 3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMMER

Soknerådet sine medlemmer i 2024: Marit Sørby (leiar), Knut Gjersund (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekretær), Astrid Breivik, Dagfinn Køhn, Solveig Aabø Løfgren, Trond Andreas Fjågesund og Anne Oddny Foldøy.

Vararepresentantar er Ida Elisabeth N. Sigurdslid, Monica Haugstøl, Geir Helge Susort, Jorunn Simonsen og Jan Rune Bjørnson.

Kommunerepresentant: Tarjei Draugedal (ordførar) med vara Jonn Foldøy.

Frå 1. August var ny sokneprest i rådet: Sigrun Lønning Solvang.

### 4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet handsama 57 saker i 2024. Desse var fordelt på 7 møte:

**25. januar:** Drifts- og investeringsbudsjett for 2024 og økonomiplan for dei 4 neste åra, 4 års plan for soknerådet, minnelund i Kviteseid og tilsetting av ny sokneprest

**7. mars:** Årsrekneskap 2023, Årsmelding for 2023, Førebuing til soknemøtet 21. april

**21. april:** Soknemøte med årsmøtesaker

**2. mai:** Revidering av Samla Plan for soknet, Delegasjonsreglement

**22. august:** Utviding av prostidiakon-stillinga, Forslag drifts- og investeringsbudsjett 2025 (vidaresendt til kommunen), Presteressursane og endra forordning, Ny trusopplærar, Komitear

**3. oktober:** Gudstenesteplan for 2025, Misjonsprosjekt, Ny trusopplærar, Bispevisitasen, Møteplan for SR.

**19. november:** Gudstenesteplan for 2025, Misjonsprosjekt 2025-2028 (Stefanusallians/Egypt), Offerplan 2025 (fyrste halvår), Bispevisitasen, Møteplan for SR, Minnelunden (forskrift og prisar), Informasjonstavle Vrådal gamle kyrkjegard, Kyrkjebladet, Val av SR-leiar og nestleiar

**11.-13. desember:** Ekstraordinært møte på mail med Permisjonssøknad og oppseiling frå kyrkjeverja.

I tillegg var det på soknerådsmøta mykje informasjon (saker med tittel «Post og meldingar»).

Referata frå soknerådsmøta frå 2016 til i dag ligg på soknet si nettside [www.kyrkja.no/kviteseid](http://www.kyrkja.no/kviteseid). Der kan du og finna referat frå utvala for kultur, gudsteneste, KUL (Utval for kyrkjeleg undervisning og læring, tidlegare Trusopplæring) og diakoni

### 5. MEDARBEIDARAR

#### 5.1. TILSETTE

Soknerådet hadde ved inngangen av 2024 ansvar for 3,7 årsverk fordelt på fem tilsette i arbeid. Trusopplæraren sa opp si 50 % stilling i juni. Den stillinga har hausten 2024 vore ubemann. Organist

Olav Holm hadde ei mellombels auke i stillinga si på 10 % for mellom anna å kunne hjelpe med nokre av trusopplærar- og sekretæreroppgåvene.

Det kunne godt vore større kjønslikestilling då alle dei fem fast tilsette er menn. Dette kan med fordel endrast på ved framtidige tilsetjingar. Dei fast tilsette ved utgangen av året var:

- Kristen Salmelid: Kyrkjeverje i 100 % stilling, tilsett 2016.
- Olav Holm: Organist i 70 % stilling, tilsett 2019.
- Jan Gunnar Haugen: Fagarbeidar (kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar) i 45 % stilling, tilsett i 2000.
- Håkon Heggtveit: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) i 50 % stilling, tilsett i 2013.
- Bjørn Stian Sigurdslid: Fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) 55% stilling, tilsett frå aug. 2020.

Sokneprest Sigrun Lønning Solvang vart ein del av den lokale staben frå august, og fekk då nyoppussa og utvida kontorlass på kyrkjekontoret. Ho er tilsett av bispedømerådet, for teneste i Øvre Telemark prosti, med Kviteseid sokn som særskilt arbeidsområde. Prosten er soknepresten sin nærmaste overordna. I feriane i 2024 vikarierte sokneprestane i Seljord og Kviteseid for kvarandre.

I tillegg har soknet tilsette som vi deler med sokn i fleire kommunar, og som har kontorlass utanfor kommunen vår:

- Eilev Erikstein: Prostidiakon i 100% stilling. Stillinga er felles for sokna i Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Den stillinga styrast av Diakonatet og er administrativt og økonomisk lagt til Tokke Kyrkjelege Fellesråd.
- Emil Mathisen var dagleg leiar i Ønsket & Elsket i 50% stilling frå januar 2024 fram til august 2024. Berthe Tysvær Heggli vart tilsett i ei 50% august 2024. Emil sa opp stillinga si i november, etter fleire månadars sjukemelding. Berthe T. Heggli tok då over arbeidet som dagleg leiar. Saman med Berit Bjørnerud (25% stilling\*), Ragnhild Hovden (25% stilling) og Per Inge Bergem Håland (25% stilling\*) utgjer dei staben i Ønsket & Elsket. Prost Asgeir Sele er også med på dei stabsmøta han har høve til å vere med på. \*Desse stillingane er finansiert av bispedømerådet, resten av sokneråda i prostiet.

## 5.2. UTVÅL, KOMITEAR OG REPRESENTASJON

**Kyrkjelydsutvala** fordeler praktiske oppgåver knytt til gudstenester og bruk av kyrkja. Dei stiller kyrkjevertar som ynskjer velkommen i døra, ordnar blomar til altaret og steller til kyrkjekaffi.

**Brunkeberg**: I 2024 var det ikkje eige kyrkjelydsutval i Brunkeberg i drift.

**Fjågesund**: Aud Turid Fjågesund (leiar), Gunn Karin Eikåsen, Monica Haugstøl og Anette Gravir Rønningen.

**Kilen**: Har ikkje eige kyrkjelydsutval, men alternativt jolebord heldt fram ved Hilde Skauff, eigar av Kilen Camping og feriesenter.

**Kviteseid**: Lisbeth Farmen Aabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrun Garvik Moen og Solveig Aabø Løfgren.

**Vrådal**: Astrid Breivik (leiar), Jan Gunnar Breivik og Marit Sørby.

**Trusopplæringsutval**: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), trusopplærar Knut Ove Lofstad, Astrid Breivik og Benedikt Nødland. Hausten 2024 var det ikkje aktivitet i trusopplæringsutvalet.

**Diakoniutval**: Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

**Gudstensteutval**: Astrid Breivik, Sigrun Egeland, Dagfinn Køhn, organist Olav Holm og soknepresten.

**Kulturutval**: Thorbjørn Emdal, Anne Oddny Foldøy og organist Olav Holm (leiar og sekretær av utvalet).

**Andre komitéar og representasjonar**:

- Komit  for Godhetsveka 2024 – Knut Ove Lofstad og Kristen Salmelid møtte for kyrkja.
- Komit  for fellesm te 2024 – M yfrid Lunde og Sigrun L nning Solvang møtte for kyrkja.

- Komit  for kyrkjelydsbasaren 2024 – Kristen Salmelid, Dagfinn K hn, Kirsti Skj veland, Gunnhild Dobbe og Marit S rby.
- Komit  for konfirmantfest 2024 i Vr dal – Marit S rby, Knut Gjersund, Dagfinn K hn, Sigrun Garvik Moen og Martin S rby
- Redakt r for kyrkjebladet – Kyrkjeverja Kristen Salmelid (brukte ikkje komit  dette  ret)
- Fasteaksjonen – sokner det organiserte b sseaksjon med god hj lp av konfirmantar og f resette.
- Prostir det – Sokner dsleiar Marit S rby var sokner det sin representant.
- Kirkens SOS Telemark – Marit S rby var sokner det sin kontakt.
- Årsm te for Diakonatet i Vest-Telemark – Hanne J Roholdt og Marit S rby var utsendingar fr  sokner det.

## 6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

### 6.1. INVESTERINGSPROSJEKT:

- Minnelund i Kviteseid (innkj p av stein og grus, forarbeid og montering av stor stein ved entrepren r)
- Ny ytterd r og nytt teppe til Vr dal kyrkje vart bestilt og satt i produksjon

### 6.2. NYTT OG REPARASJON AV INVENTAR, UTSTYR OG ANNA

- Årskontrollar og serviceavtaler:
  - Brann- og innbrotsvarsling ved Dyrud
  - Store  rlege kostnad r pr varslingsanlegg til S r- st 110, og til AddSecure
  - Brannslokkingssapparat og slangar ved Midt-Telemark Brannservice
  - Kyrkjeklokkena ved Olsen Nauen Klokkest peri
- Avtaler om sn br yting og str ing ved behov ved alle kyrkjer

### 6.3. DUGNAD OG ARBEID P  KYRKJEGARDANE:

Det vart som vanleg utf rt annonsert oppryddingsarbeid og dagnad p  kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok. I Fj gesund er dagnaden rundt kyrkja og ikkje p  kyrkjegarden.

Avtaler om planting og stell: Vi hadde vel 30 langtidsavtaler (legat-avtaler), og ca. 15 sesongavtaler.

## 7.  KONOMI

Hovudinntekta til sokner det er tilskot fr  kommunen. Tilskot fr  staten via bisped met, dekker delar av kostnadane til trusoppl ring. Anna inntekt er hovudsakleg festeavgift, kollektar, trekk fr  gravlegata, jolemesse, g ver til kyrkjebladet, faste g ver, momsrefusjon og sjukel nsrefusjon.

Rekneskapen i sin heilheit er i eige dokument.

**Rammeoverf ringa fr  kommunen til drift** var i 2024 p  kr. 3.886.200, mot kr 3.726.200 mill.  ret f r. Tenesteytingsavtala var uendra kr 379.000.

**Driftsrekneskapen** for 2024 syner eit brutto driftsresultat p  kr 232.539, og eit rekneskapsmessig netto mindreforbruk p  kr 226.097 (overskot). Samla driftsinntekter var kr 5.632.909 og driftsutgifter kr 5.400.369.

Nokre detaljar fr  driftsrekneskapen:

- L nskostnad r utgjer 57 % av samla driftsutgifter. L nskostnadane aleine var kring 76.000 h gare enn budsjettet, men kring 68.500 l gare enn i 2023
- Avdelingsvise resultat (kjem fram av spesifisert resultat pr avdeling):
  - 110 Kyrkjel g administrasjon: overskot p  ca. 32.000, om lag som budsjettet

- 111 Kyrkjer: overskot på 12.000 mot budsjettet underskot på 7000 (altså 19.000 betre)
- 112 Kyrkjegardar: underskot på 115.000, mot budsjettet 109.000 (altså 6.000 därlegare)
- 113 Andre kyrkjelege føremål: overskot på 279.000 mot budsjettet underskot på 4000 (altså 283.000 betre)
  - 86.000 mindre i lønskostnad og 108.000 mindre i andre kostnad
  - 89.000 meir i inntekter, mellom anna eit godt resultat frå kyrkjelydsbasaren
- Vesentlege avvik frå regulert budsjett (frå s. 3 i rekneskapen):
  - Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter (Rekneskap kr 510.348 mot budsjett 318.000) skuldast hovudsakeleg meir fakturert for festeavgifter og tenester på kyrkjegardane, samt betre resultat på kyrkjebasaren og meir i offer
  - Kjøp av varer og tenester (Rekneskap kr 1.446.336 mot budsjett 1.560.000) er fordelt ut over mange enkelpostar på 3 av 4 avdelingar. Ingen enkelpostar som utmerker seg anna enn alle reide nemnt.

**Investeringsprosjetka** hadde i 2024 investeringar i anlegg på kr 207.000 og avsetnader for å dekke ‘underskotet’ i 2023 på kr 120.000. Dette var finansiert av kommunalt tilskot på kr 500.000, og refusjonar og avsetningar på om lag kr 83.000. (s.4 i rekneskapen)

Vesentleg avvik frå regulert budsjett på investeringar i anleggsmidlar: (Rekneskap 207.410 mot budsjett 550.000) var kalkulert med og skuldast at fleire av varene og tenestene bestilt i 2024 ikkje kunne leverast før i 2025 (Teppe og dør i Vrådal, noko anlegg og anleggsmidlar til minnelund i Kviteseid. Desse vert mottekte, fakturert og rekneskapsført i 2025.)

**Balanserekneskapet** viser sum egedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) er kr 16.234.868 (2023: kr 16.110.262). Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på 145.000 kr.

Den økonomiske stillinga til soknet er tilfredsstillande. Soknerådet har forvalta tilgjengelege midla i 2024 på ein rimeleg måte.

## 8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

### 8.1. GUDTENESTELIVET I SOKNET

#### **Forordninga**

Som tidlegare år hadde Kviteseid sokn 52 gudstenester forordna frå biskopen. Desse var fordelt på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene etter ein fordelingsnøkkel som følgjer forordninga. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet.

Gjennomsnittleg frammøte og nattverdsgjester har halde seg rimeleg stabilt gjennom året. (sjå statistikken).

#### **Særlege gudstenester**

Vi har halde fram med familiegudstenester rundt ein gong i månaden i Kviteseid, og rundt ei gudsteneste pr. semester i Brunkeberg og Vrådal. Vi var ikkje lengre bunde opp til fyrste sundagen i månaden for å ta omsyn til Misjonshuset. Vi har hatt utdeling av dåpsgåver til 1-3-åringar, 4-årsbok og adventskalender til 5-åringar i samband med gudstenester. I november hadde me speidargudsteneste. Avskjedsgudsteneste for Møyfrid og vigslingsgudsteneste for Sigrun Lønning Solvang var og to flotte gudstenester i ein heilt annan sjanger. Friluftsgudsteneste på Vrådal gamle kyrkjegard Kristi himmelfartsdag, samla og mykje folk. Her var det premiere på det nye Vrådalskoret og som vanleg kyrkjecaffi med servering av heimelaga graut.

Av andre særlege gudstenestetilbod kan nemnast Taizé-bøn i fastetida, nattverd-gudstenester på KOS og kveldsroller torsdagar i juli i gamlekyrkja. Me hadde og ein eigen messe i gamlekyrkja i samband med Olsok, som var godt besøkt.

## Frivillige og konfirmantar

Kyrkjelydsutvala er gode medhjelparar som følgjer opp praktiske oppgåver rundt i kyrkjene i soknet. Som før er det mange frivillige som er involverte i sjølve gudstenesta med oppgåver som klokkar, forbedar, kyrkjevert, tekstlesing, styre bilet til skjerm, evangelieprosesjon, drama, musikk, song, kyrkjekaffi med meir. Konfirmantane har teneste som ministrantar haust og vår. Konfirmantane førebur òg samtalegudstenesta i samarbeid med prest, organist og trusopplærar.

## 8.2. STATISTIKK

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
<b>Gudstenester</b> (inkl. i institusj.)	<b>64</b>	<b>72</b>	<b>71* (2)</b>	<b>65 (2)</b>	<b>40</b>	<b>61 (2)</b>
*Ekstra dåps- og konf.gudstj.						
<b>Kviteseid</b> (inkl. Kv.Gml.), m/dåp + Skule/Barnehage	24 5 + 2	26 10 3	26 6 3 5	23 7 1	22 3 1	24 3
<b>Kveldsmesser</b>	5	5	51 / 71	5	0	4
<b>Median / gj.snitt</b>	47 / 75	76 / 80		66 / 74	56 / 61	78 / 100
<b>Brunkeberg</b> , dåp + Skule/Barnehage	12 4 0	12 6 1	12 5 31 / 58	10 2 1	13 2 1	11 0
<b>Median / gj.snitt</b>	45,5 / 47	54 / 49		52 / 53	48 / 57	65 / 71
<b>Vrådal</b> Skule/Barnehage	15 3 0	17 3 0	13 3 0	11 3 0	7 1	11 1
<b>Median / gj.snitt</b>	34 / 61	29 / 38	37 / 54	51 / 51	53 / 48	48 / 60
<b>Fjågesund og Kilen</b> Median / gj.snitt (Fj.s) Median / gj.snitt (Kilen)	6 26 / 25 27/27	7 24 / 26 27/27	4 30 / 29 17 / 17	5 22 / 24 29 / 29	5 25 / 24 22 / 22	7 23 / 22 42 / 42
<b>Gjennomsnitt frammøte</b> deltakarar/gudstenester	<b>62</b> (3953/64)	<b>57</b> (4099/72)	<b>59</b> 3381/57	<b>56</b> 2768/49	<b>42</b> 1861 / 44	<b>76</b>
<b>Dåp</b>	<b>16</b>	<b>19</b>	<b>14</b>	<b>17</b>	<b>13</b>	<b>11</b>
<b>Konfirmasjon</b>	<b>16</b>	<b>13</b>	<b>18</b>	<b>21</b>	<b>11</b>	<b>22</b>
<b>Vigsler</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>9</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>8</b>
<b>Gravferder</b>	<b>31</b>	<b>23</b>	<b>33</b>	<b>25</b>	<b>15</b>	<b>25</b>
<b>Innmelde - utmelde</b>	<b>0 - 3</b>	<b>1 - 9</b>	<b>1 - 8</b>	<b>1 - 9</b>	<b>0 - 6</b>	<b>2 - 9</b>
<b>Medlemmer totalt</b>	<b>1671</b> (-14)	<b>1685</b> (-9)	<b>1694</b> (-70)	<b>1764</b> (-11)	<b>1775</b> (+39*)	<b>1771</b> (+43*)
<b>% medl. i Dnk</b>	<b>67,5 %</b>	<b>69,4 %</b>	<b>70,0 %</b>	<b>71.9 %</b>	<b>75,5 %</b>	<b>75,5 %</b>
Innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal, SSB. (endring)	2476 (+49)	2427 (+6)	2421 (-31)	2452 (+49) 4.kv.	2403 (+1)	2402 (-6)
<b>Andakter og gudstenester</b> på KOS og Midts.t.	<b>10 + 11</b>	<b>11 + 11</b>	<b>8 + 9</b>	<b>10 + 9</b>	<b>11 + 12</b>	<b>10 + 9</b>
<b>Kulturarrangement</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>10</b>
<b>Registrerte frivillige</b>	<b>168*</b>	<b>168</b>	<b>149</b>	<b>151</b>	<b>134</b>	<b>70</b>

<b>Kyrkjeofringar</b>	<b>255 500</b>	<b>252 300</b>	<b>258 900</b>	<b>185 400</b>	<b>141 000</b>	<b>257 000</b>
<i>Kyrkjelydsarbeidet</i>	<i>63 600</i>	<i>50 600</i>	<i>71 400</i>	<i>42 000</i>	<i>38 000</i>	<i>78 000</i>
<i>Misjonsprosjekta</i>	<i>20 800</i>	<i>32 200</i>	<i>26 400</i>	<i>21 000</i>	<i>23 000</i>	<i>31 000</i>
<i>Andre eksterne</i>	<i>171 100</i>	<i>169 500</i>	<i>161 100</i>	<i>122 400</i>	<i>80 000</i>	<i>148 000</i>
	<b>2024</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Andre innsamlinger</b>	<b>48 600</b>	<b>126 000</b>	<b>87 400</b>	<b>95 500</b>	<b>83 000</b>	<b>89 000</b>
<i>Jolebasaren **</i>	<i>67 800</i>	<i>72 800</i>	<i>49 400</i>	<i>56 500</i>	<i>50 300</i>	<i>41 000</i>
<i>(Av dette til misjonsprosектa.)</i>	<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>15 000</i>	<i>15 000</i>
<i>Fasteaksjonen</i>	<i>55 000</i>	<i>53 200</i>	<i>63 200</i>	<i>39 000</i>	<i>700</i>	<i>48 000</i>
<b>Andre gaver</b>						
<i>Kyrkjebladet</i>	20 300	<b>218 700</b>	<b>145 625</b>	<b>111 600</b>	<b>116 000</b>	<b>119 000</b>
<i>Faste gaver til eige arbeid</i>	70 000	<i>23 800</i>	<i>46 300 77</i>	<i>36 500</i>	<i>34 000</i>	<i>48 000</i>
<i>Gaver til spesielle formål</i>	...	<i>83 100</i>	<i>200</i>	<i>75 100</i>	<i>82 000</i>	<i>71 000</i>
		<i>88 000</i>				

\* NY OPPTELJING AV FRIVILLIGE IKKJE PRIORITERT FRÅ 2024 PÅ GRUNN AV PERSONALSITUASJONEN

\*\* Vanskeleg å henta ut gode oversikter fra rekneskapen i 2024 grunna omleggingar, men tala her er korrekte

### 8.3. TRUSOPPLÆRINGA «STØRST AV ALT»

**Tilsett:** Knut Ove sa opp stillinga si som trusopplærar i juni 2024. 50 % stilling blei lyst ut to gonger i 2024.

#### **Trusopplæringsutvalet:**

Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Knut Ove Lofstad, Benedikt Nødland og Astrid Breivik. Utvalet har i 2024 hatt tre møte på våren, ingen på hausten.

#### **Medlemmer og døypte:**

Vi har 239 born mellom 0-17 år som er medlemmer. Tilskotet til trusopplæring frå Kyrkja via bispedømet, er ikkje knytt opp mot dette talet, men heng saman med vedtak i Kyrkjerådet i forhold til statstilskotet.

#### **Økonomi:**

Tilskotet til trusopplæring frå Kyrkja via bispedømet, er ikkje knytt opp mot dette talet, men heng saman med vedtak i Kyrkjerådet i forhold til statstilskotet.

Rekneskapen for alt vedrørande trusopplæring blir rapportert årleg til Bispedømekontoret før neste års tilskot blir utbetalt. Utdrag frå rapporten:

- Inntektene i 2024 var tilskot frå staten (kr 168.00), brukarbetalingar og refusjonar (kr 53.800) og gaver/ofringar/basar (94.700)
- Kostnadane var lønsrelatert (kr 299.000), driftsutgifter (kr 120.000) og refusjonar til andre (kr 115.000)

#### **Tidsavgrensa breidde-tiltak:**

- *Dåpssamtaler* - Det vart gjennomført dåpssamtaler for dei 10 dåpsborna som budde i soknet. 6 busett andre stader hadde dåpssamtale lokalt, slik ordninga er.
- *Dåpsgudsteneste* - Vi hadde totalt 16 dåp fordelt på 12 dåpsgudstenester.
- *Dåpsgåve* - Utdeling til 1-3 år
- *4-årsbok* - Utdeling på gudsteneste 1. og 8. september. 16 fireåringar fekk bok anten på gudsteneste eller levert.
- *Adventskalender til 5-åringar* - Utdelinga på familiegudsteneste i Kviteseid kyrkje sundag 1.desember – 0 av 4 på gudsteneste, men alle fekk kalenderen levert.

#### **Kontinuerlege grupper:**

- *Babysong/småbarnstreff* på Misjonshuset kvar torsdag. Siv Marita Kåsi, Cecilie Austjore Hosum, Olav Holm og Åsa Wendel.

- *Barnegospel* over annankvar torsdag på Misjonshuset. Førskule-3. klasse. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Acta. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore.
- *Idrettsgruppe* på Kvitsund Gymnas, 1.-4. trinn (6-9 år) Tilslutta NLM. Ansvarleg: Karen Margrete Klausen.
- *Tweensklubben* for 5.-7. trinn om lag ein fredag i månaden på misjonshuset. Tilslutta Normisjon. Ansvarleg: Ingrid Asdahl.
- *Vest-Telemark Soul Children* øvde i Kviteseidhallen annankvar torsdag. 12-15 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Acta. Ansvarleg: Olav Holm.
- *Kviteseid speidargruppe*: Speidarane hadde aktivitet dei fleste måndagar, ute eller inne. I tillegg reiste speidaren på ulike turar og leirer. Speidaren er eit samarbeid mellom Kviteseid misjonskyrkje og Kviteseid sokn. 6-15 år. Ansvarleg: Knut Ove Lofstad, Ane Holm, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen og Justin Dean.
- *Fredagsklubben*: Annakvar fredag på misjonshuset i vårhalvåret. Fredagsklubben var våren 2024 eit samarbeid mellom alle menighetane i bygda. På grunn av leiarmangel frå dei andre menighetane, arrangerte Fredheim fredagsklubb for ungdom under namnet «Møtepunkt Ung» frå hausten 2024.

#### **Konfirmant-arbeid:**

**Konfirmantar 2024:** 16 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2023 og vart konfirmert våren 2024.

- Konf.treff i Seljord arrangert av Ønsket og elsket.
- Fasteaksjonen lokalt – konfirmantane gjekk frå dør til dør med bøsser til godt resultat.
- Pilegrimsvandring frå Heia i Vrådal, til Kviteseid gamle kyrkje. (Postvegen)
- Samtalegudsteneste i Vrådal og konfirmantfest på grendehuset i Vrådal etterpå.
- Konfirmasjonar i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal kyrkjer.
- Sommarleir på Gjennestad, arrangert av Ønsket og elsket.

Konfirmantarbeidet vart våren 2024 leia på ein framifrå måte av vikarprest Berit Bjørnerud saman med organist Olav Holm.

**Konfirmantar 2025:** 12 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2024

Spesielle samlingar hausten:

- Overnattingstur til Lønnegraff eitt døgn i samarbeid med Fyresdal-konfirmantane og Fyresdal-presten.
- Kick-off-samling i Husdyrhallen på Dyrsku'n, arrangert av Ønsket og elsket.
- Skulegudsteneste for Kviteseid skule. Her deltok konfirmantane med tekstlesingar, lystenning og jolespel.

Konfirmantane har elles hatt teneste som ministrantar på gudstenester haust og vår.

#### **8.4. MISJONSPROSJEKT:**

For perioden 2021-2024 hadde soknerådet to misjonsavtalar og sende samanlagt kr 40.800 i 2024:

1. Bibelomsetjing i Sør-Etiopia gjennom Norsk Luthersk Misjonssamband. Her er Karen Elisabeth Wittersø Hector og mannen Fredrik Hector utsendingar i arbeidet med omsetjing til tsamakko.
2. Sjukehuse Okhaldunga i Nepal gjennom Normisjon. Her er Liv Wendel utsending og arbeider med undervisning av sjukepleiestudentar i jordmorfrag mellom anna.

#### **8.5. DIAKONI:**

**Diakoniutvalet:** Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Fisketjønn, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

**Møtedatoar:** 10 januar, 22. februar, 10. april, 5. september og 5. november. Dei tre siste med besökstenesta. Eilev Erikstein har vore med på tre av møta. Her er oversikt over det diakoniutvalet var med på:

- **Diakoniens dag:** 14. januar i Kviteseid. Diakoniutvalet hadde kyrkjekaffi.
- **Fasteaksjonen:** Servering av bollar til bøssebebarane i Kviteseid
- **Føremiddagstreff:**
  - Sju samlingar på Misjonshuset med servering av mat og kaffi, og utloddning. Andakt ved Sigrun Solvang, Eilev Erikstein og Dag Erik Asdahl. Det var mellom 20-39 gjester.
  - Sommartreff 26. juni på Bygdetunet. Det var 34 gjester. Song og musikk ved Herdis og Øyvind Jørgensen. Andakt i gamlekyrkja. Servering av mat og kaffi.
  - Adventskonsert 4. desember i Kviteseid kyrkje. Servering av graut, kake og kaffi ved langbord i midtgangen. Andakt ved Sigrun Solvang. Song og musikk under leiing av Olav Holm. Song av Herdis og Øyvind Jørgensen. Song av Mathea, Fride, Vilde og Selma.
- **Bebuarane på Lundenjordet:**
  - Vårfest på Misjonshuset 5. juni. Servering av smørbrød, kake og kaffi. Andakt, song og musikk. Kjell Lindheim, Øyvind Jørgensen og Eilev Erikstein.
  - Førjolsfest 18. desember på Misjonshuset. Servering av smørbrød, kake og kaffe. Andakt, song og musikk. Kjell Lindheim, Øyvind Jørgensen og Eilev Erikstein var med. Besøk av jolenissen.
- **Midtsundtoppen:** Besøk kvar månad med prest og organist. Andakt, song og musikk. Matservering og koseleg prat.
- **Konfirmantar:** Servering av tomatsuppe og rundstykke i kyrkjestova før undervisning.
- **Blomehelsingar:** Til halve-og heilrunde tal frå 80 år og oppover. Det var 43 besøk.
- **Helgemesse:** 3. november i Kviteseid kyrkje. Diakoniutvalet sendte ut invitasjon til dei som har mista nokon sidan sist helgemesse. Gudsteneste med song av Jan Haugen. Violinspel ved Herman og Lisa. Alle var velkomne til samling på Misjonshuset etter gudstenesta. Det vart servera mat, kaffi og kake. Eilev Erikstein og Anne Karine Skipar var med. Song og musikk ved Hallvard Jørgensen. Open kyrkje frå 16 -18.
- **Temamøte på KOS:** Hanne Roholt har hatt 10 samlingar saman med husflidslaget og sanitetslaget i Vrådal. Tema var sokkar, sjal, skjerf, påskepynt, minnebøker, markblomar, bær/frukt, dokker, vesker/poser og jolebakst. Hadde med gjenstandar som høynde til temaet. Målsetting: gode opplevelingar, kjenne seg att frå arbeidsliv og interesse, aktivisering av minne og gløymde ord, glede ved å fortelje frå eige liv, samtale med personalet. Ønske om å halde fram i 2025
- **Babysong:** Åsa Wendel var med kvar veke. Siw Marita Kåsi leia songen til påske, deretter overtok Cecilie Austjore Hosum. Frå sommaren: Olav Holm og Cecilie Austjore Hosum annankvar gong. Matservering ved Åsa Wendel

For Diakoniutvalet, Kirsti Breidalen Skjæveland

### **Prostidiakonen**

Eilev Erikstein viser i sin årsrapport til arbeidet han har gjort i Kviteseid siste året. Heile rapporten ligg på nettsida [www.kyrkja.no/kviteseid](http://www.kyrkja.no/kviteseid) og er verd å lesa i si heilheit.

Her er eit utdrag frå det som gjeld berre Kviteseid, frå årsrapporten til diakonen:

- 101 samtalar
- Deltaking på ulike diakonale arrangement og tiltak:
  - Diakonidag i Kviteseid kyrkje
  - Leia Helgemessegudstenesta
  - Delteke på open sorggruppe i Brunkeberg, samarbeid mellom Kviteseid og Seljord (2 gonger 5 deltarar)
  - Vore med konfirmantane på pilegrimsvandring til Kviteseid gamle kyrkje
  - Andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset
  - I lag med lærar Hamish Moore på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 2 gonger med 8 deltararar

- Delteke på to diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for besøkstenesta i Kviteseid
- Delteke på Adventsfest for Lundenjordet arrangert av diakoniutvalet
- Delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas (2 dagar på Haukelifjell)
- Vore med dagsenteret på Midtsundtoppen på to turar
- Delteke på Trygg i Vatn-dag for Ungdomskulen i Kviteseid
- Delteke på ei VIP- samlinga på Kvitsund
- Medansvarleg for flykningedag i Vrådal i juni og førjulsamling for flyktningar på Straand Hotel (i regi av TIRU)
- Delteke på to møter i Psyko- sosialt kriseteam
- Leia 14 gravferder i Kviteseid
- Leia Etisk – refleksjonsgrupper i Heimesjukepleia og KOS (4 samlingar med 27)
- 2 soknebod

Kviteseid sokn er svært takksam for Eilev si omfattande teneste, og spesielt for all ekstra innsats i samband med prestemangelen i 2024.

#### **Godhetsveka 22. – 27. april 2024**

Statistikken etter uka er følgende: Ca. 320 dugnadstimer i felten. Tilsammen vel 80 navn er registrert som bidragsytere på en eller annen måte. Det er inklusiv komiteen og bakere. Dette er forøvrig omtrent likt som i fjor 47 oppdrag, Omrent like mange vaskeoppdrag som hageoppdrag.

Tilbakemeldingene etter uka er positive i år også. Folk virker veldig fornøyde. Dette gjelder både deltagere, og de som mottok hjelp. En svært positiv uke med mange gode ringvirkninger i bygda. Flott å kunne samarbeide på tvers av menighetene, og dette vil vi at skal fortsette.

Det gir godt i komiteen når vi har gjort ting før, og i komiteen utfyller vi hverandre godt. Men det er viktig at vi er tilstede og kobla på, for uka er intens når det står på.

Det er positivt å ha med Kvitsundelever, (ca. 30 stk. i år) men samtidig er det litt vekslende engasjement hos noen av de som “må” være med p.g.a. obligatorisk praksis.

#### **8.6. KULTURARRANGEMENT, SPESIELLE MESSER OG ANNA:**

<b>Gudstenester (spesielle)</b>	
7. januar	Avskjedsgudsteneste og takkefest for sokneprest Møyfrid Lunde
14. februar	Taizé-bøn i Kviteseid kyrkje
7. juli	Felles gudsteneste med Lunde og Flåbygd i Kilen kapell
Juli	4 kveldsandakter i Kviteseid gamle kyrkje.
29. juli	Olsokmesse i Kviteseid gamle kyrkje
11. august	Vigslingsgudsteneste for sokneprest Sigrun Lønning Solvang
29. september	Jazzgudsteneste med Analog Jazzband i Kviteseid kyrkje
17. november	Speidargudsteneste
<b>Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)</b>	
21. januar	Felles familiemøte på Misjonshuset
1.-3. mars	Fellesmøtehelg med Siri Iversen som talar
27. april	Godhetsgudsteneste som avslutning av Godhetsveka
29. september	Felles songmøte med Morten Samuelsen, i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid siste tysdag i månaden har vore arrangert dei fleste månader på Misjonshuset kl. 18.30.	
<b>Konsertar og liknande.</b>	
28. februar	Salme- og solidaritetskveld av og med Eilev Erikstein i Kviteseid kyrkje
28. juni	Duke Ellingtons «Sacred concert» med Kongsberg Storband i Kviteseid kyrkje

4. desember	Adventssamling for pensjonistar i Kviteseid kyrkje med Kjell Lindheim og Dagfinn Køhn, Olav Egeland Bakken og Edvin Lidden Sørbø, allsong, andakt ved Møyfrid og graut.
11. desember	Jolekonsert med «No boots» og damekoret «Fjellrøyst».
15. desember	Tradisjonell adventskonsert i Kviteseid kyrkje med bygda sine kor og korps, og andakt ved Rolf Inge Johansen.
18. desember	Jolekonsert med Symre Taugbøl Bang med vener.
<b>Anna</b>	
5. mai	Soknemøte (årsmøte), i Kviteseid kyrkje
7. april	Felles diakonisundag for Vest-Telemark i Fyresdal
30. november	Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset til inntekt for Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid og Misjonsprosjekta

## 8.7. MELDING FRÅ ORGANISTEN V/ OLAV HOLM:

Melding frå organisten v/ Olav Holm:

2024 har vore eit spesielt og krevjande år for organisten, men det er stadig ei glede å arbeide saman med kollegaer og friviljuge om musikk og kultur i kyrkja.

Ellen Eggebø Jore har vore ein flott leiar av Kviteseid barnegospel også dette året, og talet på songarar på øvingane har lege på ikring 15. I tillegg har me hatt medhjelparar frå Kvitsund både vår og haust. Kviteseid barnegospel deltok i 2024 på ei familiegudsteneste i Mars, på 17. mai-gudstenesta og på kyrkjelydsbasar og adventskonserten til jul. Dei song og på felles familiemøte i januar, 0-100 på misjonshuset i februar og familiemøte på Fredheim i oktober. Det er flott at me både får rekruttere og opptre i alle menighetane og forsamlingane i bygda.

Soul Children har og vore ei glede å få halde på med, med ikring den same positive gjengen på 7-8 som året før. Bent Grestad er trufast medhjelpar på øvingane, men det har vore lite bandspeling på han i 2024. Frå i haust har me fått med Syrill og Ane som medhjelparar frå Kvitsund. Soul Children har stor glede av å opptre i dei ulike menighetane i bygda, og song på to familiegudstenester i 2024.

Ellen Jore har vore tydeleg på at ho ikkje ynskjer å halde fram som leiar av barnegospel frå hausten 2025. Samstundes har både Unge Røyster og Soul Children nokså få deltakarar frå ikring same aldersgruppe. For 2025 ynskjer organisten seg ein open samtale om korleis ein skal organisere korarbeid for born i bygda frametter, gjerne i samarbeid med andre menigheter i bygda.

2024 baud på store endringar i organistkvarden. Allereie hausten 2023 deltok organisten meir i konfirmantundervisninga enn tidlegare, med tanke på prestebyttet som snart skulle komme. I heile 2024 har organisten vore med på nær alle konfirmantsamlingar, og blei også på kort varsel sendt som med-leiar på konfirmantleir sumaren 2024 då trusopplæraren slutta. Det har vore ei stor glede også å vere meir involvert i konfirmantarbeidet, og gleda var ekstra stor då konfirmantane viste seg å vere svært viljuge til å synge i konfirmantkor på både samtale- og konfirmasjons-gudsteneste! Stor entusiasme og songglede.

Hausten 2024 blei organisten også med på å leie babysong i samarbeid med Åsa Wendel og Cecilie Hosum på frivilligsentralen. Ein heilt ny erfaring for organisten, men noko som ga stor glede og er ein flott anledning til å knytte kontakt med nyfødde og nydøypte. Oppmøtet har variert med alt frå 0 og oppover, men ser ut til å stige jamt.

Organisten trudde ikkje sine eigne øyrer når han høyrde at ein i bispedømet bevisst venta med utlysing av ny prestestilling i Kviteseid for å spare pengar. Gudstenestelivet fyrste halvår blei prega av ulike prestar på kvar gudsteneste, og organisten blei ofte sitjande åleine med planlegging av salmar og musikk til gudstenestene. Kontorlivet elles blei også prega av at både kyrkjeverje og organist måtte trå til og gjere ting som vanlegvis har falt på presten. Også i haust har det vore mykje ekstraarbeid på grunn av manglande trusopplærar og sjukmeldt prest. Med babysong, konfirmantar og ekstra administrasjon har organisten spelt mindre både åleine og saman med andre i 2024. I 2025 ynskjer han å ta meire omsyn til seg sjølv på alle måtar.

Men heldigvis er det er framleis mange friviljuge bidrag til musikken under gudstenestene. Organisten har lyst til å nemne ukrainske Luda Kravtsuk dette året, som har vore ein trufast friviljug musikar sidan 2022, men no venteleg blir mindre å sjå i Kviteseid. Ho har velsigna mange gudstenester og konserter med det levande fiolinspelet sitt, og vært ei stor velsigning å spele saman med. Ho har og lært organisten mykje om tilbeding gjennom musikk. Organisten er svært takksam for det bidraget ho og alle andre friviljuge har gitt til musikken i gudstenestene, inkludert kor, grupper og einskildpersonar.

Kulturutvalet med underteikna og Thorbjørn Emdal var svært takksame for å få med Anne Oddny Foldøy frå det nye soknerådet. Årets konsertar har ikkje vore mange, men alle har hatt god oppslutning, høg kvalitet og vore nyvinningar på kvart sitt vis. I juni fekk me nytte Kongsberg Storband si svingande og dynamiske framføring av Duke Ellington sin kyrkjemusikk, truleg for fyrste gong i Kviteseid kyrkje. Mot jol fekk me konserten «mot jol» med eit spennande samarbeid mellom «No boots» og damekoret «Fjellrøyst» frå Øyfjell. Gjennomsnittsalderen var merkbart lågare i Brunkeberg kyrkje ei veke seinare då Symre hadde si julekonsert der saman med ein drivande dyktig kvintett. Det er ekstra gøy at alle desse initiativa kom frå andre stader enn kulturutvalet, og spesielt har organisten lyst å nemne kyrkjetenar Jan Haugen som over år har bidratt mykje til kulturlivet i kyrkja i ulike former og uttrykk. Me er svært takksame for alt kulturengasjementet i distriktet som me får være ein del av!

Med ynskje og håp om meir kyrkjekultur, for fleire, i 2025!

Kviteseid i februar 2025,  
Olav Holm, organist

## 8.8. KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom ut med 3 nummer i 2024. Kyrkjeverja var redaktør og ordna med alt det praktiske. Han fann ikkje tid til å involvera ei redaksjonskomité på same måte som Møyfrid Lunde hadde, men mange har vore med å levere stoff til blada. Gåveinntektene har minka jamt dei siste åra, men vart nær halvert frå 2023 til 2024, som enda på kr 20.350. Reklameinntekter på 30.000 har kompensert godt for det. Kostnadane har og blitt redusert med reduksjon frå 4 til 3 nummer i året. Trykkeriet gjorde og ein feil og gløymde å trykka og sende det eine nummeret til posten. Det vart difor trykt til redusert pris og distribuert på dugnad, og dermed innspara kostnadene. Vi greier ikkje å henta ut kostnadene med bladet frå rekneskapen dette året.

## 9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama og godkjent av soknerådet 23. mai 2025

Kviteseid, dato 23.mai 2025



Marit Sørby

Leiar, Kviteseid Sokneråd



Kristen Salmelid

Kyrkjeverja